

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref. 23/2319-10	Dykkar ref. 20cc27ec- b91f-4304- 90c2- 1848b6c9dcb7	Sakshandsamar Mette Hestetun Berg	Direktenr	Arkiv K1-221, K2-S01	Dato: 09.05.2025
-------------------------------	--	---	------------------	--------------------------------	----------------------------

Begrenset høring - konsesjonspliktvrdering Torolmen kraftverk

Årdal kommunes vurdering

Modernisering av eksisterande reguleringsanlegg kan vere eit positivt bidrag til nasjonale mål for fornybar energi.

Årdal kommune er positiv til ei slik modernisering av anlegget som beskreve i søknaden til Hydro Energi.

Torolmen kraftverk er planlagt med utgangspunkt i ein eksisterande tunnel og gjeldande manøvreringsreglement. Samstundes vil tiltaket medføre visse inngrep i naturen og reise spørsmål om handtering av overskotsmassar – ei problemstilling som i liten grad er omtalt i søknaden.

Eit sentralt moment i saka er at søknaden i liten grad omtalar korleis overskotsmassar frå tiltaket skal handterast. Det går fram at det er planlagt eit vesentleg masseuttak (30 000 m³), som skal deponerast på eit tilsynelatande lite påverka areal – utan at det i tilstrekkeleg omfang er gjort greie for kva konsekvensar dette vil ha for nærområdet. Det vert i søknaden lagt til grunn at de vil leite etter løysningar for bruk av massane til samfunnsnytte, eksempelvis forsterking eller etablering av vegar og parkering. At massane vert teken i bruk til samfunnsnyttige føremål er positivt. Samstundes meiner kommunen at dette bør konkretiserast i større grad i søknaden. Etablering av nye vegar og parkeringsplassar i eit naturområde som Torolmen er i utgangspunktet uheldig, og kan bidra til ytterlegare belastning og forverring av naturtilstanden i området.

Vidare understrekar kommunen at tiltaket må vurderast i lys av kommuneplanens arealdel, der planområdet ligg innanfor LNF-formål. Det føreset difor at tiltaket vert vurdert opp mot dei føremål og rammer som gjeld for området sett i lys av kommunens arealstrategiar. Kommunen presiserer at god massehandtering er ei føresetnad for god arealplanlegging. Ei løysing der massane vert nytta til konkrete, samfunnsnyttige føremål eller leverast til etablerte deponi, som t.d. opprusting eller utviding av fiskestia ved Holsbru.



Med helsing

Mette Hestetun Berg
Kommunedirektør